



Husnes, 23.04.2019

Russetid og russefeiring

Slutten av april og første halvdel av mai er finalen i russefeiringa. I perioden 26.4 til og med 17.5 kan tredjeklasseelevar bruke russekleder når dei er på skulen. Frå tidlegare år veit vi at det av og til oppstår episodar mellom enkelte russ og andre elevar. Som skule har vi stor fokus på at alle elevar skal ha ein trygg og hyggeleg skulekvardag. Skulereglement og retten til eit trygt skulemiljø gjeld som for resten av skuleåret også i russetida.

I slutten av februar i år, vart det arrangert eit foreldremøte i Bergen om russefeiringa. På dette møtet vart mange viktige tema som vedkjem russefeiringa drøfta. Foreldre og andre som ønskjer meir informasjon om viktige tema som vedkjem russefeiringa kan lese meir om dette på linken under.

<https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2019/-foreldre-ma-vere-gode-forbilde-for-russen/>

Ved alle dei vidaregåande skulane i fylket er det ein kontaktperson som arbeider spesielt med saker som vedkjem skule, skulemiljø og russefeiring.

Ved Kvinnherad vidaregåande skule er denne kontaktpersonen elevrettleiar Dag Sigurd Gregersen.